

Detaljregulering for Flåmyrane III

Vinje kommune

PlanID 20220001

PLANOMTALE

Del av 99/1 og 99/346, Vågslid

Vågslid Utvikling AS



Revidert i tråd med vedtak 83/25
22.10.25

Prosjektskildring	
Plannamn	Detaljregulering for Flåmyrane III
PlanID	20220001
Forslagsstillar	Vågslid Utvikling AS
Prosjektnummer	10045
Dato	06.09.24
Utarbeidd av	Olaug Vinjerui Gardsteig
Kontrollert av	Hallvard Homme
Prosjektleder	Øyvind Tovsland Kili

Samandrag
Detaljreguleringsplanen for Flåmyrane III legg til rette for fleire tomter i vest, og innpass av fleire tomter i eksisterande felt. Planarbeidet inneber også oppgradering av infrastruktur og god grønstruktur. Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing for naturmangfald. Endringar etter 1. gongshandsaming Planforslaget blei lagt fram for plan- og miljøutvalet 30.10.24. Plankart, føresegner og planomtale er revidert i tråd med vedtaket. Endringane er i hovudsak retta mot reduksjon i tal einingar, til saman 84 einingar. Det er med bakgrunn i at to teigar med konsentrerte fritidsbustadar er erstatta med frittliggande, samt at 7 enkelttomter er teke ut. Etter reduksjonen er det totalt 266 nye einingar, der 117 av desse er enkelttomter. 49 einingar inngår no i dei frittliggande teigane utan tomteinndeling (FBF) og 100 einingar inngår i arealet FTU. Ved revisjonen blei det avdekt to avvik i klimagassrekneskapet. Eine var ein desimalfeil på arealkategorien skog, som medførte følgefeil i rekneskapet. Det andre avviket var ein dissens mellom AR5 og gjeldande regulering (planID 20030001). Dette er no retta opp i og rekneskapet er i samsvar med reduksjonen i areal avsett til byggjeføremål. Klimagassrekneskapet syner no korrigererte tal før og etter reduksjon jf. vedtaket. Endringar i tråd med endeleg vedtak (sak 83/25) Det er gjort omfattande arbeid for å redusere planens omfang med ein reduksjon på totalt 199 einingar frå 1. gongshandsaming til endeleg vedtak. Det er lagt til eit innleiande avsnitt i dette dokumentet for å sette ljøs på endringane som er.

02	22.10.25	Revisjon etter handsaming i kommunestyre i tråd med endeleg vedtak 83/25
01	12.11.24	Revisjonar etter 1. gongshandsaming i tråd med vedtak 121/2024
00	06.09.24	Opphavleg planomtale
Rev.	Dato	Skildring

Innhald

Endringar i tråd med endeleg vedtak (sak 83/25)	5
1 Bakgrunn	7
1.1 Føremål med planen	7
1.2 Lokalisering og avgrensing av planområdet	7
1.3 Utbyggingsavtale	8
1.4 Vurdering av behov for konsekvensutgreiing	8
2 Planstatus og rammer	9
2.1 Kommunale planar	9
2.2 Regionale planar	10
2.3 Rundskriv/retningslinjer/strategiar	10
3 Planprosessen	11
3.1 Oppstartsmøte	11
3.2 Medverknad	11
3.3 Innkomne innspel	11
3.4 Innkomne innspel til tilleggskunngjering	15
3.5 Allmøte	16
4 Omtale av planområdet	17
4.1 Dagens arealbruk	17
4.2 Landskap	17
4.3 Naturmangfald	18
4.4 Grunnforhold	20
4.5 Kulturminne og kulturmiljø	20
4.6 Naturressursar	20
4.7 Klima	20
4.8 Rekreasjon og friluftsliv	21
4.9 Bygningar og anlegg	22
4.10 Barn og unge	22
4.11 Infrastruktur	22
4.11.1 Trafikk og tilkomst	22
4.11.2 Vassforsyning, avlaupshandtering og straum	22
4.11.3 Renovasjon	22
4.12 Skredfarevurdering	23
4.13 Flaum	23
5 Skildring av planforslaget	24
5.1 Planvisjon	24
5.2 Konsept	26

5.2.1 Plassering og utforming.....	28
5.2.2 Tomter innanfor omsynssone H190_1	28
5.2.3 Off-grid	29
5.2.4 Vatn og avlaup, sløkkjevatn og overvatn.....	30
5.2.5 Nye interne vegar	31
5.2.6 Parkering	31
5.2.7 Renovasjon	31
5.2.8 Stiar og løyper	31
5.2.9 Terrengforming, teig FTU	35
5.3 Planforslag	36
5.3.1 Nye utbyggingsområde og fortetting	38
5.4 Gjennomgang av arealformåla	39
5.4.1 Bygningar og anlegg	39
5.4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	40
5.4.3 Grønstruktur	40
5.4.4 Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift	40
5.4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag	40
5.4.6 Omsynssoner	40
5.4.7 Føresegningsområde	41
6 Verknadar av planen	42
6.1 Naturmangfald	42
6.1.1 Tilhøve til villrein og Regionalplan for Hardangervidda	43
6.2 Landskap.....	45
6.3 Rekreasjon og friluftsliv	45
6.4 Barn og unge	45
6.5 Trafikk.....	46
6.6 Vatn, avlaup og overvatn	46
6.7 Klimagassrekneskap og arealbruksendringar	46
6.8 Flaum og skred	47
6.9 Grønstruktur	47
6.10 Landbruksinteresser	48
6.11 Gjennomføring av planforslag	48
7 ROS-analyse	48
7.1 Oppsummering av ROS-analyse	48
8 Oppsummering.....	49
9 Referansar	50
10 Vedlegg	51

Endringar i tråd med endeleg vedtak (sak 83/25)

Detaljregulering for Flåmyrane III blei vedteken etter handsaming i kommunestyret 21.10.25. Det er gjort omfattande arbeid med planen for å i møte koma innspel frå råka partar, offentlege instansar, samt politiske ynskje. Tilhøve til villrein, påverknad på myr og vasspeglar har vore førande for reduksjonen som er gjort i eit samarbeid mellom tiltakshavar og politikarar. Endringane i plankart har nokre konsekvensar for føresegner og kjem fram av tabellen nedanfor.

Den største endringa er at det om lag 30,9 daa store arealet avsett til FTU med 100 einingar er erstatta med friluftsføremål, noko som verkar positivt inn på areal- og klimagassrekneskapet. Punkt b) i 5.4.1 vil som følgje av dette utgå. Området med oppfylling merkt #1 i plankartet vert oppretthaldd for å sikre intern massehandtering sett i eit miljøperspektiv. Med friluftsføremål vil arealet få funksjon som ein grønstruktursone som bidreg til større rekreasjonsareal internt i feltet. Endringa har, saman med reduksjonar i dei andre større teigane, ført til at planen i sin heilskap frå 1. gongshandsaming til endeleg vedtak er redusert med 199 einingar. Bakgrunnen til reduksjonen er tungt vekta av omsyn til villrein, dvs. reduksjon i potensiell trafikkauke inn i nasjonale villreinområde.

Oversikt over endringar i plankart og føresegner etter endeleg vedtak i kommunestyret.

Endringar	Omsyn	Konsekvens i plankart	Konsekvens i føresegner	Tal einingar redusert
Fjerne tomt 4-8	Vassmiljø	Arealet erstattast med føremålet FL og parkeringa P5 vert flytt tilbake i tråd med bygd situasjon. Avkøyringspila utgår. TV1 og H560 utgår, FL ivaretek omsynet.		1
Justere tomt 4-19	Korrigerering etter avdekt feil	Oppteikna tomt er no i tråd med ny matrikkel for tomta etter ei avklaringsrunde med kommunen. Det er også lagt til ein trekant med tilleggsareal slik at plankartet er i tråd med faktisk arealbruk.		
Flytte tomt 1-13	Vassmiljø	Tomta flyttast lenger mot aust. Avkøyringspila frå KV6 vert flytt til KV2. H560 utgår med bakgrunn i at det ikkje er tomteareal som vedkjem vasspegelen, og FI ivaretek omsynet.		
Redusere FBF35	Vassmiljø	Det reduserte arealet erstattast med FL og NSV.	Endre frå 10 til 8 einingar i føresegner for FBF35	2
Justere tomt 9-3 og 9-4 og ikkje tillate anneks	Ingen konsekvens utover endra arealstorleik på dei to råka tomtene.	Tomtegrense til tomt 9-3 justerast 1 m lenger nord for å oppnå betre fordeling på arealet mellom dei to tomtene. Lagt til tekst om arealstorleik på tomt 9-4.	Legge til særskilt krav i tabell 1 i § 4.1.2	
Justere storleik på P16	Ynskjer større avstand frå vegkryssa til	Det reduserte parkeringsarealet erstattast med FL.		

	parkering, og oppnå skilje mellom trafikkareala.			
Fjerne tomt 24-9 og 24-10, justere KV23, og tomtene 24-5,6,7, 8 og 11	Vassmiljø	Arealet erstattast med FL, samt at fleire vasspegjar er teke vare på. H550 utgår, så FL ivartek omsynet. H190_3 er justert for å sikre kopling til tomt 24-11.		2
Fjerne tomt 28-3, vegen, og justering av tomt 28-1	Vassmiljø	Arealet erstattast med FL og NSV. Lagt til avkøyringspil til tomt 28-1. Omsynssone H190_3 vert flytt i tråd med tomtejustering av tomt 28-1		1
Fjerne tomt 31-2 og justere 31-3	Vassmiljø	Arealet erstattast med FL og NSV. H560 utgår, då FL og NSV ivaretek omsynet.		1
Fjerne tomt 30-7 og 30-8	Vassmiljø, konsekvens av omlegging av KV27. Endringa stettar også delar av innspel frå naboar.	Arealet erstattast av FL. H190_3 vert forlenga i FL.		2
Tomtejustering i FBF29. Ommøblere tomt 29-10,29-11,29-15.	Vassmiljø, konsekvens av omlegging av KV27.	Det reduserte tomtearealet erstattast med FL og NSV, samt at H560 utgår.		
FTU regulerast til FL. Etter 1. gongshandsaming blei det redusert frå 120 til 100. Dei resterande 100 utgår i tråd med vedtak i kommunestyret.	Redusere det totale talet einingar i planen.		4.1.7 utgår	100
Avkøyringspil tomt 15-5	Korrigerer etter avdekt feil			
KV9 ved FBF20 er retta til KV31 i plankart og C-teikningar	Korrigerer etter avdekt feil			
FBF8	Redusere einingar		Inntil 10	10
FBF34	Redusere einingar		Inntil 4	1

1 Bakgrunn

1.1 Føremål med planen


Vågslid Utvikling AS, representert ved grunneigar Nils Vågslid, ynskjer å utvikle del av 99/1 og 99/346, Flåmyrane. Føremålet med detaljreguleringsplanen er å legge til rette for eit nytt felt som gjev innpass til fleire tomter med tilhøyrande infrastruktur. Grønstruktur og naturelement vil vektleggast gjennom planprosessen. Nytt felt er lokalisert vest for eksisterande plan, Flåmyrane/Skjerdalen (20030001), og det vil difor vera naturleg å inkludere denne i ny plan. Ein vil sjå på behovet for ei opprydding i tomtestruktur og infrastruktur. Gjeldande plan, Flåmyrane/Skjerdalen, opnar opp for om lag 130 nye einingar, ved full utnytting av eksisterande teigar. Ny plan vil avløyse eksisterande plan, Flåmyrane/Skjerdalen (20030001).

Feltet er bygt ut med vegar, vatn- og avlaupsanlegg og straum. Behovet for ei oppgradering i høve ny kommunedelplan er knytt til teknisk infrastruktur som vegar, gangvegar, vatn- og avlaupsanlegg, samt overvatn. Oppgraderinga er også knytt til grønstruktur, her under grønne korridorar og tilkomst til skiløypetrasé. Samstundes vil ein legge betre til rette for sosiale samankomstar. Det er òg eit mål å skape gode samanhengar mellom det nye feltet, og det eksisterande. Dette gjeld mellom anna vatn- og avlaupsanlegg, samt vegar.

Planen er utarbeidd av **Aquapartner Telemark AS**, i samarbeid med **Plankontoret Hallvard Homme AS**, og har stade for gjennomføring av planprosess, utarbeiding av utviklingskonsept, oppteikning av plankart, teknisk infrastruktur, utarbeiding av føresegnar og vurdering av planens verknadar.

1.2 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet ligg nord for E-134 i Vågslid i Vinje kommune, og grensar til 99/24 Raudberg Sameige (20050003) i nord, Del av Tyrvelid 99/6 (20140009) i aust, og i sør til E134 kolonneoppstillingsplass Vågslid (20170007) og E-134 Sveivisvingen (20210006). Planavgrensinga fylgjer stort sett eigedomsgrensa, med unntak av arealet i nordvest. I etterkant av varsel om oppstart blei det sendt ut tilleggskunngjering om utviding av plangrensa. Utvidinga var naudsynt for å kunne setje av buffer mot boreal hei, og ha meir handlingsrom kring den eine pumpestasjonen. Planområdet er på om lag 655 daa (fig.1).



Figur 1. Lokalisering av planområdet i Vågslid, Vinje Kommune, og varsla plangrense.

1.3 Utbyggingsavtale

I oppstartmøtet vart ein samd i at det er aktuelt å inngå Utbyggingsavtale.

1.4 Vurdering av behov for konsekvensutgreiing

I samråd med kommunens planavdeling blei tilhøve til kravet om konsekvensutgreiing vurdert. Det var fyrst semje om at planarbeidet ikkje vil utløyse krav jf. *Forskrift om konsekvensutredninger* §§ 2 og 3. I etterkant har administrasjonen sett krav til at det skal gjerast ei KU-vurdering i høve naturmangfald og den truga naturtypen, boreal hei.

Tabell 1. Vurdering jf. *Forskrift om konsekvensutredninger*

<i>Vurdering etter §6 Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding.</i>	Det vurderast at planen ikkje utløyser krav til KU jf. <i>Forskrift om konsekvensutredning</i> §6 fyrste ledd bokstav b) og forskriftas vedlegg I, pkt. 25, fordi planlagt tiltak er i tråd med overordna plan. Området er avsett til framtidig fritidsbusetnad i KDP Vågslid.
<i>Vurdering etter §8 Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn.</i>	Det vurderast at planen ikkje fell inn under krav om KU jf. <i>Forskrift om konsekvensutredning</i> §8 fyrste ledd bokstav a) vedlegg II.
<i>Vurdering etter §10 Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn</i>	Utbyggingsområdet kjem i konflikt med trua naturtype, jf. forskrift om konsekvensutredning § 10, tredje ledd, bokstav b. Som fylgje av dette vurderer ein at planen vil gje vesentlege verknader for miljø og samfunn, etter §10, i eit slikt omfang at krav om konsekvensutgreiing blir utløyst.

2 Planstatus og rammer

Fylgjande planar legg føringar for planarbeidet. Lista er ikkje uttømande, men gjev føringar som vurderast som viktig i samband med reguleringsarbeidet, og ein har under planprosessen prøvd å etterleve desse.

2.1 Kommunale planar

Kommunedelplan Vågslid (2018).

Arealet innanfor planområdet er avsett til noverande (F2) og framtidig fritidsbusetnad (F1), samt fritids- og turistføremål (FT1).

Kommunedelplan for stiar og løyper, Vinje kommune (2016-2026)


Som fylgje av ei auke i fritidsbusetnadar er det ynskjeleg å kanalisere ferdselen for å redusere ferdsel utanfor løyper og inn i sårbare område. Eit velutvikla løypenett skal bidra til fornuftig bruk og mindre forsøpling. Løypenettet vil også fremje gode naturopplevingar og god helse.

Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse, Vinje kommune (2020)

Risiko- og sårbarheitsanalysen vert lagt til grunn ved all kommunal planlegging i Vinje kommune.

Detaljregulering for Flåmyrane/Skjerdalen (planID 20030001)

Planområdet vedkjem ein eksisterande reguleringsplan, Flåmyrane/Skjerdalen (planID 20030001). For eksisterande byggeområde (H2, H3, H4, H6 og H7, samt N1) er det krav om utbyggingsplan. Ny plan avløyser gjeldande plan.



Figur 2. Utdrag frå kommunedelplan Vågslid (planID 20080014) med varsla plangrense og gjeldande reguleringsplan, Flåmyrane/Skjerdalen (planID 20030001).

2.2 Regionale planar

Regional klimaplan for Telemark (2019-2026)

Telemark, står som fylgje av klimaendringar, ovanfor utfordringar knytt til auka sannsyn for kraftig nedbør (overvatn), regnflaum og flaum- og sørpeskred. Målet med planen er å skape eit berekraftig Telemark og for å nå målet er satsingsområdet mellom anna å skape kompakte og attraktive byar og tettstadar. Sentrale tiltak er å legge til rette for sykkel og gange for å redusere bilbruk.

Regional plan for samordna areal- og transport i Telemark, ATP (2015-2025)

Regionen Vest-Telemark har spreidd busetnad og store avstandar. Senteret har ulike fortrinn og oppgaver, som samla gjev eit godt tilbod til fastbuande, hyttefolk og besøkande. Tettleiken verkar inn på kvaliteten til ein tettstad, og vil kunne generere arbeidsplassar, handel, kulturtilbod, servering og andre offentlege tenester. Dette vil igjen kunne påverke innbyggjartalet. Turisme kan bidra til å oppretthalde tenestefunksjonar. Bygging av fritidsbustadar skal fortrinnsvis skje ved fortetting i eksisterande område for fritidsbustadar.

Regional plan for Hardangervidda (2019-2035)

Målet med den regionale planen er å sikre villreinen tilstrekkelege leveområde og langsiktig god livsvilkår. Planen skal også sikre lokalsamfunna rundt Hardangervidda gode moglegheiter for nærings- og bygdeutvikling. Planområdet ligg innanfor bygdeutviklingssona.

2.3 Rundskriv/retningslinjer/strategiar

Statlige planretningslinjer for samordna bolig-, areal-, og transportplanlegging (2014)

Målet med retningslinjene er at planlegging av arealbruk og transportsystem blant anna skal bidra til å utvikle berekraftige tettstadar, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling og fremje helse, miljø og livskvalitet. Planlegginga skal mellom anna legge til rette for fortetting og redusere transportbehovet.

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)

Målet er synleggjera barn og unge i all planlegging etter plan- og bygningsloven. Retningslinja set krav til fysisk utforming av areal. Deriblant skal areal og anlegg vera sikra mot trafikkfare.

Rettleiar H-2528: Planlegging av fritidsbustader (2022)

Rettleiaren legg til grunn viktige prinsipp ved planlegging av fritidsbustadar. Mellom anna å sikre store og samanhengande friluftsområde, fortette eller utvide eksisterande byggeområde og å sikre god tilpassing til natur og landskap.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging (2019-2023)

Det vektleggast å sikre god tilrettelegging for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengarar.

3 Planprosessen

3.1 Oppstartsmøte

Oppstartsmøte blei halde 5. desember 2022 med grunneigar, planleggar og Vinje kommune til stades. Det blei under møtet tilrådd oppstart av planarbeid og planen fekk tildelt planID 20220001.

3.2 Medverknad

I medhald til Plan- og bygningsloven §§12-8 og 12-3 blei det 26. januar 2023 varsla at det blei sett i gang arbeid med privat detaljregulering. Naboar, regionale myndigheiter og andre berørte partar blei varsla, samt at planarbeidet vart kunngjort i lokalavisa Vest-Telemark Blad og på kommunen sine heimesider. Innspel til planarbeidet blei sendt til Plankontoret Hallvard Homme AS, innan 27. februar 2023. Innspela er oppsummert i kap. 3.3., og ligg ved desse plandokumenta som eigne vedlegg.

3.2.1 Tilleggskunngjering

I etterkant av varsel om oppstart blei det vurdert at ei utviding av plangrensa var naudsynt på bakgrunn av innspel frå Statsforvaltar om å setje av ei føremålstenleg buffer mot naturtypen boreal hei. I tillegg blei området utvida ved eine pumpestasjonen for å ha meir handlingsrom. Tilleggskunngjeringa blei sendt ut 4. juni 2024 til naboar, offentlege myndigheiter og andre berørte partar. Fristen for å koma med innspel var 1. juli 2024. I kunngjeringa blei det opplyst om at ein berre opna opp for innspel til utvidingane, og det kom ytterlegare 4 innspel til planarbeidet.

3.3 Innkomne innspel

Tabell 2. Innkomne innspel til varsel om oppstart

Offentlege instansar:			
1	Statsforvalteren i Vestfold og Telemark, 24.02.23	Kommentar frå planleggar:	Konsekvens/Tiltak
	Statsforvaltar peikar på: - Naturverdiar av nasjonal interesse må bli vurderte - Nord for planområdet er det registrert større lokalitetar av boreal hei av høg kvalitet. Det bør avsetjast ei formålstenleg buffersone mellom fritidsbusetnad og desse lokalitetane. - Nærleik til beiteområde for villrein. - Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021) - Tilknytting til offentleg vatn- og avlaupsanlegg - Påverknad på vassførekomstar, bl. anna Øvre Kjela bekkefelt, Kjela nedstraums inntaksdam, og Tyrvelibekken. - Risiko- og sårbarheitsanalyse - Omsyn til forventade framtidige klimaendringar. - Omsyn til friluftsinnteresser i området, og tilgangen til friluftsområde, stiar og skiløyper. - Omsyn til landskap	Teke til vitande. Område berre innanfor plangrensa blir vurdert. Planområdet ligg utanfor omsynssona for villrein i Regionalplan for Hardanger-vidda. Sti- og løypeplanen bidreg til å kanalisere ferdsel i området. Forholdet til villrein reknast som avklart i KDP. Planområdet vedkjem ikkje støysoner langs E134. Retningslinja vil ligge til grunn i samband med anleggsfase. Teke til vitande. Det vil ligge føre ein VA-plan. Avrenning frå planområdet vurderast ikkje til å vera eit problem. Vatnet har infiltrert innan det når nemnte førekomstar. Teke til vitande.	Naturverdiar er omtalt i kap. 4.6 og 6.1 i planomtala. Det er utarbeidd ei konsekvensutgreiing for temaet (vedlegg 15). Buffersone til boreal hei kjem fram av plankartet (H560). Turvegar er merkt TV1-TV7 i plankartet. Omsynssone for landskap (H550) og naturmiljø (H560)

	• Universell utforming	Teke til vitande.	sikrar kvalitetar som t.d. berg i dagen og vasspeglar. Føresegner kjem fram av pkt. 5.2.1 og 5.2.2.
2	Vestfold og Telemark fylkeskommune, 27.02.23 Fylkeskommunen peikar på: • Tilhøve til villrein, kanaliseringstiltak • Ny busetnad berekna på overnatting ikkje skal etablerast over tregrensa eller i det øvste skogbeltet. • Omsyn til landskap, estetikk, miljøverdiar og ressursbruk. • Verknad av planen på vassmiljø. • Oppmodar om klimavenleg hyttebygging og sette krav til miljøsertifiserte leverandørar av varer og tenester.	Sti- og løypeplanen sikrar villreinen mot uynskt ferdsle i beiteområda. Teke til vitande.	Utgreidd i kap. 4.3 og 6.1
3	Norges vassdrag- og energidirektorat, 23.02.23 • Reell fare for flaum og skred må avklarast og tryggleiken dokumenterast. • Omsyn til vassdrag og vassdragsverdiar • Overvatn og flaumvegar	Skred AS har gjennomført skredfarevurdering og kravet om sikkerheit mot skred iht. TEK17 §7-3 sikkerheitsklasse S1 og S2 er oppfylt. Teke til vitande.	Rapport, <i>Skredfarevurdering for Flåmyrane III</i> (2023)
4	Statens vegvesen, 28.02.23 • Planlegge for redusert behov for transport, og etablere gode løysingar for gåande og syklende. • Trafikktryggleik som ein del av risikovurderinga. • Tyrvelidkrysset • Omsyn til klimatilpassing, her under overvatn og tiltak mot flaum og skred. • Omsyn til miljø og forureining	Teke til vitande. Tyrvelidkrysset vart ferdigsstilt hausten 2023.	NSV, FL og BG er arealføremål som sikrar blågrøne strukturar med omsyn til bl. anna overvasshandtering, kjem fram av plankart. Føresegner kjem fram av pkt. 4.3.1, 4.4.1 og 4.5.1.
5	Statkraft, 20.02.23 • Overføringstunnelen deira mellom Bordalsvatn og Førsvatn går under planområdet. Åtkomst til eit tunnelinnslag heilt i utkanten av planområdet.	Teke til vitande. Planforslaget har ingen påverknad på åtkomsten til Statkraft.	Omsynssone i plankart er merkt H190_2, med tilhøyrande føresegn pkt. 5.1.5.
	Private/andre		
6	Stein Ove Bjelland, 19.01.23 Eigar av gnr./bnr. 99/482 • Ynsker løpande orientering ettersom planarbeidet utarbeidast/klargjerast. Spesielt i forhold til fortetting, men også generelt.	Det er lagt opp til dialog med leiarar av velforeiningane i planprosessen.	Info gjennom velforeiningane. Det er høve til å koma med merknad til planen når den blir lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn.

7	Per Hillesland, 20.01.23		
	- Ynskjer ikkje fortetting - Vegar/drenering er dårleg, og ynskjer ikkje ytterlegare slitasjar - Anleggsdrift vil vera til sjenanse	Teke til vitande. Hovudvegen til nytt felt vil bli oppgradert. Tiltak knytt til anleggsdrifta vil bli handtert i utbyggingsfasen.	Plankart Byggefase og SHA-plan
8	Thor Arne Dommersnes, 03.02.23		
	Er det nokon oversikt som viser korleis tilkomst/vegar blir på Flåmyrane III blir?	I planforslaget er tilkomst vist i plankartet.	Arealføremålet køyreveg (KV), og avkøyringspiler kjem fram av plankartet.
9	Velferdsklubben Kværner Stord, 06.02.24		
	- Forutset at det vert teke høgde for infrastruktur ved fortetting - Omsyn til eksisterande eigedomar	Vass- og avlaupsanlegg vil bli oppgradert og har tilstrekkeleg kapasitet for fleire einingar. Teke til vitande.	VA-plan (vedlegg 7)
10	Bjørn og Inger Eileraas, 13.02.23		
	Eigar av gnr./bnr. 99/492 - Det er ikkje ynkeleg med fortetting nordaust/aust og søraust for eigedomen. Det vert peika på landskap og natur-mangfald. - Eksisterande hovudveg bør oppgraderast og dimensjonerast for auka trafikkbelastning som følgje av nytt hyttefelt.	Ein har teke omsyn til natur og landskap i planarbeidet. Infrastruktur dimensjonerast og oppgraderast i tråd med tal på nye einingar.	Blågrøne strukturar kjem fram av plankart. Likedan med omsynssone H550, H560 og merking av tre. Føresegner som tek omsyn til natur og landskap kjem fram av pkt. 2.4, 2.5, 2.6, 4.3-4.5, 5.2.1 og 5.2.2.
11	Flåmyrane 2 hytteforening v/Egil Hansen, 13.02.23		
	- Utforming og fortetting bør gjerast innanfor dei reguleringsføresegnene som gjeld for Flåmyrane II, og at ein ivaretek naturområde som myr og tre på ein god måte. - Kapasitetsberekningar utførast på det eksisterande vatn- og avlaupsanlegget for å sikre tilstrekkeleg kapasitet. - Vegstandard ved eit aukande trafikkbilete, møteplassar etc. - Løypetrasear må takast omsyn til ved etablering av nye vegar. Det visast til tidlegare innsendt uttale frå hytteforeininga, datert 20. juli 2013, tema: kommentar til kommuneplan for Vågslid.	Teke til vitande. Reguleringsføresegner som i dag er gjeldande for Flåmyrane/Skjerdalen vil erstattast av nye føresegnar. Ein vil i ny plan, sjå på å vidareføre og oppgradere dagens føresegnar, og utforming og fortetting er eit av tema som vil vera vektlagt i vidare prosess. Det vil bli utarbeidd eigen vatn- og avlaupsplan som sikrar feltet tilstrekkeleg kapasitet. Løypetrasear vil også bli teke omsyn til.	Plankart: monumentale furutre er avmerkt og skal takast vare på. Turvegar er merkt TV1-TV7. Skiløype er merkt SKI. Føresegner kjem fram av pkt. 4.1.8 og 4.3.2.
12	Roar og Kristine Martinsen, 28.02.23		
	Eigar av gnr./bnr. 99/387 Ynskjer ikkje fortetting, då dei er uroa for at kvalitetar i området forringast.	Planforslaget er i tråd med overordna planar. Det er eit mål å vidareføre kvalitetane i området. Ved ei omregulering vil ein få oppdaterte føresegnar, som gjeld for heile Flåmyrane III.	Plankart og føresegnar
13	Andrew Greenwood, 18.02.23		
	Reknar med at «Rettleiar om planlegging av fritidsbustader» leggst til grunn for vidare planarbeid.	Rettleiaren ligg til grunn for all arealplanlegging, også denne.	

14	Kjersti N Martinsen Holta og Lars Gunnar Holta, 27.02.23		
	Eigar av gnr./bnr. 99/386 - Ynskjer ikkje fortetting - Minner om merknad til kommunedelplan Vågsliid frå Hytteforeningene Flåmyrane 2 og Hytteforeningen Haukelifjell skisenter, datert 20. juli 2013, vedlegg 2.	Ved ei omregulering vil ein få oppdaterte føresegner, som vil gjelde for heile Flåmyrane III.	Føresegner
15	Einar Mæland, 03.02.23 og 24.03.23		
	- Vanskeleg å sjå av kva som er tenkt utbygd og kva størrelse / tal einingar med tilkomst veg ol. - Kva inneber innpass av nye tomter? - Er det tiltenkt det nye feltet på Flåmyrane III eller tiltenkt "fortetting" av eksisterande felt? - Ynskeleg at det ikkje vert fortetta på innsida av Mikaelssensvegen, då området nyttast til leik og ski. - Føreslår nye tomter der steinmassane var lagra - Utbetring av tilkomstveg - Tilrettelegging for skitrasear	Teke til vitande. På tidspunktet varselet vart sendt ut var ein ikkje komen så langt i prosessen, at skisse låg føre. Ny plan, Flåmyrane III, vil erstatte eksisterande plan, og inneber etablering av nytt felt ovanfor eksisterande, samt innpass av nye tomter i det som i dag fell inn under Flåmyrane/Skjerdalen. Løypetraser er ivareteke rimeleg godt i planforslaget. Grøne korridorar sikrar tilkomst til stiar og skitrasé.	Plankart og føresegner
16	Svein Ove Alvestad, 03.02.23		
	Eigar av gnr./bnr. 99/491 - Det er ikkje ynskeleg med fortetting nordaust/aust og søraust for eiegen. Det vert peika på landskap og naturmangfald. - Eksisterande hovudveg bør oppgraderast og dimensjonerast for auka trafikkbelastning som følgje av nytt hyttefelt.	Ein har teke omsyn til natur og landskap i planarbeidet. Infrastruktur vil dimensjonerast og oppgraderast i tråd med tal nye einingar.	Blågrøne strukturar kjem fram av plankart. Likedan med omsynssone H550, H560 og merking av tre. Føresegner som tek omsyn til natur og landskap kjem fram av pkt. 2.4, 2.5, 2.6, 4.3-4.5, 5.2.1 og 5.2.2.
17	Kjersti Ø. og Jan Willy Fjetland, 26.02.23		
	Eigar av gnr./bnr. 99/358 - Uttrykkjer skepsis til fortetting, og ynskjer ikkje at noverande kvalitetar blir forringa. - Omsyn til løypetraser.	Det er eit mål å vidareføre noverande kvalitetar i ny plan. Ein har sikra tilgjenge til løypetraser i planforslaget.	Turvegar er merkt TV1-TV7 i plankart og føresegn fylgjer av pkt. 4.3.2.

3.4 Innkomne innspel til tilleggskunngjering

Offentlege instansar:		Kommentar frå forslagsstillar/planleggar
18	Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, 21.06.24 Statsforvaltar peikar på: - Naturmangfald: føremålsteneleg buffer mot boreal hei, med omsyn til beite, og for moglegheit for å drive matproduksjon. - Villrein: ta omsyn til total belastning for villreinen, jf. NML §10, vurdere kanaliseringstiltak. Forventar at det ikkje blir opna for hyttebygging innanfor det utvida planområdet og areal avsett til LNF i KDP. - ROS og klimatilpassing: legg til grunn at ROS vil dekkje heile planområdet.	Det er regulert inn friluftsføremål i del som omfattar utviding i nord, samt turveg (TV7), det er også lagt inn omsynssone på 30m med omsyn (H560) for buffer mot boreal hei. Planen opnar ikkje for hyttebygging innanfor det utvida planområdet, eller i området avsett til LNF i KDP. ROS-analyse vil dekkje heile planområdet.
19	Telemark fylkeskommune, 21.06.24 Fylkeskommunen peikar på: Kulturarv: minner om meldeplikt etter Kml §8 andre ledd.	Teke til vitande. Føresegn er sikra i pkt. 2.1.
20	Mattilsynet, 25.06.24 Mattilsynet har ikkje motteke varsel om oppstart, og fekk fyrst moglegheit no. Dei kjem med fylgjande: - Planen skal ha ein heilskapleg plan over VAO-løysing. Føresegner skal sikre leveranse av tilstrekkeleg mengde trygt drikkevatt. - Ved nye tiltak kan utbyggar måtte kartlegge om det er eksisterande fritidsbustadar med kommunal eller privat vassforsyning som kan bli råka. Utbyggar må sørge for å beskytte desse mot negativ påverknad i samband med utbygging, både med omsyn til forureiningsfare og med omsyn til leveringssikkerhet/vasskapasitet. - I e-post datert 24.06.24 stadfestast det at planområdet skal knytast til offentlig VA. Om det er vassleidningar innanfor planområdet bør det kartleggast. Det er viktig at oppdaterte kart over leidningsnett og aktuelle sårbarheiter ved distribusjonssystemet er skildra og vurdert i planarbeidet. - Forureina avrenning til vassmiljø vil kunne få direkte eller indirekte konsekvensar for drikkevasskvaliteten, enten som akutt forureining. Avrenning til vassmiljø kan òg påverke fiskehelse/fiskevelferd. Ved bruk av sprengstein nær vassdrag kan ulike tungmetall løysast ut.	Det er utarbeidd ein VAO-plan, som er vedlagt (vedlegg 7). Teke til vitande. Teke til vitande. Teke til vitande.
21	Statens vegvesen, 28.06.24 SVV peikar på: Trafikktryggleik og at det er tilfredsstillande kapasitet på vegnettet.	Teke til vitande. Hovudvegen gjennom feltet (KV1) får god breidde.

3.5 Allmøte

I samband med planarbeidet inviterte forslagsstillar hytteforeiningane inn til allmøte 24.02.24 i loftet i Tyrvelidhallen. Dei 24 frammøtte blei opplyst om planprosessen, og det blei vist fram ein presentasjon av plankartet på dåverande tidspunkt. Andre fokusområde var innpass av nye tomter og tilleggsareal, natur- og landskapskvalitetar og skiløypetrasé.

Dei frammøtte uttrykte at gjeldande plan har medført eit harmonisk felt der hyttene er godt tilpassa og innpassa i terrenget. Dei ynskjer at det i ny plan blir teke omsyn til dette ved plassering av tomter. Likeins blei det peika på at grønne korridorar er veldig viktig å sikre i planen. I løpet av dialogen i møtet, blei det stilt spørsmål om kor folk går, og korleis/kor vidt dei eksisterande friområda er i bruk. Med bakgrunn i innspel markerte forslagsstillar ut ei tomt som skal vurderast særskilt, og sette spørsmålsteikn ved eit par andre etter innspel frå frammøtte. Han tilbydde å ta noko av området som no er føreslått som byggeareal, til grøntområde i staden. Frammøtte uttala seg positivt til det.

I etterkant av møtet blei det sendt ut notat, presentasjon og førebels plankart. I plankartet som blei sendt ut blei det også illustrert kva som er å rekne som tilleggsareal. Det blei samstundes invitert til å sende innspel, ynskjer og kommentarar til planen, med ein frist 10. mars 2024. Det kom inn over 30 innspel i denne fasen, som ein i planforslaget har forsøkt å innfridd i størst mogleg grad.

Innspela handla i stor grad om motstand til fortettingstomter. Likevel har fleire ytra behov for tilleggsareal, samstundes at grønstrukturen i gjeldande plan i stor grad vert vidareført. Det er også mange som har ytra ynskje om moglegheit til å reservere nye tomter. Det blei understreka frå fleire at plassering av hytter må gjerast med omsyn til natur og landskap ved å legge dei lågt i terrenget. Under, og i etterkant av møtet har det også kome viktige innspel som omhandlar bruken av området. Forslagsstillar ynskjer å ha ein god dialog, og allmøte med påfylgjande moglegheit til å sende innspel har gitt planleggarane eit godt grunnlag for å kunne legge fram eit planforslag med mellom anna gjennomtenkte tomteplasseringar, funksjonelle grøntkorridorar og gode opphaldsstadar. Relevante tema er ytterlegare skildra i kap. 5 *Skildring av planforslaget*.

4 Omtale av planområdet

4.1 Dagens arealbruk

Flåmyrane III utgjør ein del av hytteområda i Vågslid, og er delvis utbygd med fritidsbustadar med tilhøyrande infrastruktur. Området er elles prega av natur og grønstruktur.

4.2 Landskap

Planområdet ligg på eit sør-austvendt høgdedrag med jamn stigning frå om lag 850-950 moh. Topografien dannar eit småkupert terreng, med innslag av myrdrag og opne vasspeglar. Landskapet er i fylgje NIN omtalt som eit opent dallandskap med hei under og nær skoggrensa med innsjø, og med tett busetnad. Planområdet ligg i eit ope landskapsrom med god utsikt til Eivindbuvatn og Løyningvatn. Eksisterande felt er synleg frå E134 frå søraust, og til dels frå vest. Planområdet ligg lengst vest i den konkave sidedalen, som mellom anna Tyrveli, Raudberg og skisenteret også er ein del av.




Figur 3. Planområdet sett frå sør (Norge i bilder).




Figur 4. Planområdet sett frå vest (Norge i bilder).

4.3 Naturmangfald


Arealet som er avsett til framtidig fritidsbusetnad i KDP er kartlagt sommaren 2022. Boreal hei av stor verdi pregar vestleg del av planområdet (fig.7) og i tilstandsskiltringa frå Miljødirektoratet kjem det fram at området har lågt beitetrykk, og er i ferd med å gro att (Konsekvensutgreiing, 2024). Boreal hei av middels verdi er òg registrert i planområdet (Miljødirektoratet, 2022). Fjellbjørk dominerer tresjiktet, medan ein mosaikk av lyng, gras- og vierartar utgjer busksjiktet. Delar av lisida ned i mot E134 er prega av rasmark med stein og stadvis store blokkar, og tett bjørkeskog. Vanleg bærlyngvegetasjon, og innslag av meir krevjande artar som skogstorkenebb, liljekonvall og fugletelg er observert i området. Søterot har til dels store førekomstar (SVV, 2019). Nokon av dei viktigaste naturelementa i planområdet er monumentale furutre og opne vasspeglar. Historiske flyfoto frå 1968 og 2021 (fig. 6) syner tydeleg at området er prega av attgroing. I 1968 er bart fjell noko meir markant og vegetasjonen er tydeleg mindre sett opp mot dagens situasjon. I 2021 er bart fjell, vasspeglar og parti med varierende fuktighetsgradient framleis tydelege landskapselement. I klassifiseringssystemet AR5 (NIBIO), er arealbruken dominert av open fastmark, noko skog, vatn og bebygd areal (fig.5).



Figur 5. Arealbruk i planområdet, AR5 (NIBIO).



Figur 6. Utsnitt frå vestre del av planområdet, høvesvis frå 1968 og 2021 (Historiske flyfoto, 1881).



Figur 7. Boreal hei av stor (raud) og middels (oransje) verdi er registrert i planområdet (Naturbase, Miljødirektoratet).

Med bakgrunn i kartlegginga frå 2022 er det skrive ei konsekvensutgreiing i tråd med Miljødirektoratets rettleiar M-1941. Landskap og natur gjev området eit særpreg der element som berg, større steinar og monumentale furutre er med på å legge grunnlaget for verdien i området. Naturtypane som er registrert har stor førekomst i omkringliggande areal og er såleis godt representert utanfor planområdet. Tiltakets påverknad på naturmangfald er ytterlegare skildra i kap. 6.1 *Naturmangfald*.



Figur 8. Søndre del av planområdet, ein mosaikk av vasspeglar, berg og furutre (Flyfoto, 1881).

Planområdet ligg innanfor Regional plan for Hardangervidda, og forholdet til villrein er avklart ved at ein held seg innanfor bygdeutviklingssona. Planarbeidet er vurdert til å vera i tråd med overordna plan, sjå kap. 6.1.1 Tilhøve til villrein og Regionalplan for Hardangervidda. Den nært truga arten, hare, er registrert i 2016 og gulspurv som er kategorisert som sårbar er observert sommaren 2022. Den framande arten, hagelupin, med svært høg risiko er gjort funn av i planområdet (Artsdatabanken).

4.4 Grunnforhold

Berggrunnen i planområdet er øyegneis, ein variant av granittisk gneis. Lausmassane er tynt morenedekke, samt mykje bart fjell (NGU). Store delar planområdet har høg aktsemdgrad for radon (NGU). Planområdet ligg over marin grense, og ein reknar at grunnforholda gjev ein eigna byggegrunn. Databasen *Grunnforurensing* syner ingen teikn til forureina grunn i planområdet.

4.5 Kulturminne og kulturmiljø


I fylgje offentleg tilgjengeleg informasjon (Kulturminnesøk.no) syner at det ikkje føreligg registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet.

4.6 Naturressursar

Det føreligg ikkje naturressursar i form av dyrka mark eller dyrkbar jord innanfor planområdet (Kilden, NIBIO). Det framkjem heller ingen grus- og pukkførekomst (NGU).

4.7 Klima

Klimaprofil for Telemark (2022) uttrykker at regionen vil få auka problem med overvatn og få eit hardare klima med auka utfordringar knytt til flaum og skred. Næraste vêrstasjon, Vågsli, er lokalisert ved Myrane, aust for planområdet. Lokale variasjonar er truleg at førekjem som fylgje av at Arbunosi skil planområdet frå vêrstasjonen. Planområdet har gode soltilhøve gjennom heile året med morgonsol, og til dels kveldssol. Det er òg forventa auke i årstemperaturen i klimaprofilen, noko som ein ser av den svakt positive trenden i Vågsli i perioden med tilgjengelege data frå 2004-2020 (Norsk Klimaservicesenter).




Figur 9. Middeltemperatur, Vågsli (Norsk klimaservicesenter).

4.7.1 Nedbør

Planområdet ligg innafor eit avgrensa nedbørsfelt. Det har vore lite problem knytt til overvasshandtering, men ein må legge til grunn klimaframskrivingar og rekne med auka vassmengder i åra som kjem. Vintersesongen kan strekkje seg frå oktober til mai.

4.7.2 Vind


Planområdet vil truleg få størst påverknad av vind frå vest. Samstundes vil vêr frå aust kunne vera merkbar. Vindrosa syner at det stort sett er flau vind eller frisk bris, men lokale variasjonar og årstidsvariasjonar vil påverke vêrforholda. Vindforholda fører òg til føykjesno, noko som er merkbar i området (pers. komm., N. Vågslid, 2022).



Figur 10. Vindrose, i perioden desember 2012 til desember 2022 (Norsk klimaservicesenter).

4.8 Rekreasjon og friluftsliv

Rekreasjon og friluftsliv er godt ivareteke på i planområdet med kort avstand til natur, med mange stiar og løyper like ved. Nærleik til Haukelifjell skisenter og den universelt utforma turvegen langs Vågslivatn er også positivt for rekreasjon og friluftsliv. Området er rikt på naturopplevingar gjennom heile året, med eit snørikt vinterhalvår som sikrar eit stort nettverk av opptrakka skiløyper. I sommarhalvåret er det mange turmoglegheiter i eit mangfaldig fjellandskap. Det er gode høve til å legge til rette for felles leik- og rekreasjonsareal.



Figur 11. Eit nettverk av løyper kring planområdet gjennom heile året (Kommunekart).

4.9 Bygningar og anlegg

Innanfor planavgrensinga er det på noverande tidspunkt 132 eksisterande fritidsbustadar. Feltet er harmonisk, og volum, dimensjonar og materiale dannar ein heilskap. Mesteparten av hyttene er bygde i same tidsperiode, noko som speglar seg i byggeskikken. Det er òg hytter av nyare dato med meir moderne preg. Tomtene er godt tilpassa terrenget og det er ivareteke monumental vegetasjon, berg og knausar. Naturtomter er òg eit viktig element som skapar harmoni i feltet. Gjennomgåande for feltet er torvtekt tak, og jordfargar i varierende nyansar.



Figur 12. Eksisterande busetnad innanfor planområdet, her ved Kroknos.

4.10 Barn og unge

Det er på noverande tidspunkt ikkje særskilt lagt til rette for barn og unge, anna enn leik og rekreasjon som er generert ut i frå naturforholda. Planområdet er i kort avstand til Haukelifjell skisenter. Sjå elles kap. 4.8 *Rekreasjon og friluftsliv*.

4.11 Infrastruktur

4.11.1 Trafikk og tilkomst

Dagens tilkomstveg har god teknisk standard etter vegklasse 3. Tyrvelidkrysset har i løpet av 2023 blitt utbetra, og har bidratt til å styrke innfallsporten til området. E-134 har, forbi planområdet, ein ÅDT på 1400 køyretøy med 23%-del lange køyretøy. Oppgradering av krysset er av den grunn eit viktig trafikkisikringstiltak. Frå Tyrvelidvegen er det avkøyning til Skjerdalen, med arm til Kroknos, Sigstraumane, Øvre Skjerdalen, Skjerdalsrusti, Mikaelsensvegen og Flåmyrane.

4.11.2 Vassforsyning, avlaupshandtering og straum

Det er bygt ut kommunalt vatn- og avlauspanlegg, som alle hyttene er tilkopla. Høgspenkabel som går gjennom planområdet har kapasitetsauke, og forsyner feltet tilstrekkeleg med straum.


4.11.3 Renovasjon

Renovasjonsordninga er ein del av felles løysing ved Tyrvelid vassverk, oppstilt på gnr./bnr. 99/6. Ved auke i tal einingar, vurderast det som naudsynt å utvide kapasiteten. Renovest har etablert nytt og betre returpunkt i Tyrvelid.

4.12 Skredfarevurdering

NVE sitt aktsemdskart, *Naksin*, syner at planområdet ligg innafør potensielt fareområde for snøskred. Skred AS gjennomførte, i september 2023, ei vurdering av område for sikkerheits-klasse S1 og S2. Det kjem fram av rapporten at det årlege sannsynet for skred i kartleggingsområdet er mindre en 1/100 og 1/1000. Kravet om sikkerheit mot skred iht. TEK17 17-3 sikkerheitsklasse S1 og S2 er oppfylt for kartleggingsområdet som kjem fram av figur 13, og som fyrst blei varsla (Skred AS, 2023).


Utviding av planavgrensing, etter krav frå Statsforvaltar for å sikre buffersone til boreal hei, medfører at delar av skredutsett areal inngår i planområdet. Det planleggast ikkje for byggjeføremål i det aktuelle partiet.



Figur 13. Døme på resultat frå berekning for eit scenario med gjentakintervall 1000 år (Skredfarevurdering, Skred AS, 2023)

4.13 Flaum

NVE sitt aktsemdskart for flaum vedkjem ein liten del av planområdet i vest. Flaumfaren er knytt til Tyrvelibekken, og vil i liten grad påverke området. Det planleggast ikkje for utbygging i aktsemdssona for flaum.



Figur 14. NVE sitt aktsemdskart vedkjem liten del av planområdet.

5 Skildring av planforslaget

5.1 Planvisjon

For grunneigarane vil dette planforslaget utgjera eit viktig verdigrunnlag, både som ein del av gardsdrifta og for den lokale verdiskapinga. Dei har sjølv formulert tankane bak Flåmyrane III som fylgjande.

Me overtok garden Vågslid nordre, Viki, 99/1, i 2018. Garden var på dette tidspunktet utan drift. Dei gamle husa på garden bar preg av manglande vedlikehald, og var falleferdige. Siste gong det var dyr på garden var på 50-60-talet. Vårt ynskje var å kunne skape liv att på garden med drift og husdyr.

I praksis overtok me drifta av eigedommen rundt 2010. Me var då i gang med husbygging på garden og skulle overta formelt i nær framtid. Slik vart det ikkje heilt. Det skulle ta mange år før overtakelsen var i hamn. Me hadde i den perioden bygd nytt hus på garden, og var slik sett delvis i gang med å bygge opp att garden.

Etter overtakinga i 2018 gjekk me straks i gang med vårt «prosjekt». Me skaffa oss dyr, og starta prosessen med ny driftsbygning, samt eit nydyrkingsprosjekt. I 2021 tok me i bruk det nye fjoset, og i 2023 hadde me fyrste slått på nysånningen. I fjoset har me plass til 24 ammekyr. I skrivande stund er det 20 dyr der. Nysånningen er på 20 daa.

Nydyrkingsplanar:

Me har ytterlegare 20 daa godkjent til nydyrking ved støylen Løyning, som me håpar å starte på i år. Dette er gamal slåttemark som har lege brakk i 50-60 år, og som me vil taka opp att. I samband med Statkrafts utbygging av Vesle-Kjela kraftverk og rehabilitering av dammane, forhandla me også fram avtale om dyrka areal på minimum 15 daa ved dammen, om mogleg inntil 30-40 daa.

Då Statens vegvesen regulerte areal til nye tunnelar over Haukelifjell, ville dei ha deponi til overskotsmasse på vår eigedom. SVV ville ha deponiet oppunder ein nut. Me meinte det var ein ulagleg plass, og fekk då regulert inn eit anna område til dette, der ein kunne arrondere terrenget slik at ein etterpå kunne gjera det til dyrka mark. SVV gjekk med på dette og endra planen sin.

Dette er gjort med tanke om å styrke ressursgrunnlaget på garden, og såleis ha ei mogleg framtid som levande fjellgard.

Drift/husdyrhald:

Det har lenge vore eit ynskje å kunne drive garden med husdyr. Dels fordi me meiner norsk berekraftig matproduksjon er viktig, men også fordi me ynskjer beitedyr rundt i bygda som kan halde kulturlandskapet i hevd og hindre attgroing. Det visar seg at mange andre også har glede av at det no er drift på ein av gardane i Vågslid att. Me får stadig positive tilbakemeldingar om kor triveleg det er å sjå dyr i grenda att, kor fint det blir beitt i landskapet, og at det burde vore fleire dyr rundt om. Det er gjevande for oss, men ekstra gjevande når folk set pris på innsatsen.

I dag har me ca. 20 storfe, 2 hestar og 20-30 høns.

Bygningar:

For å kunne ha husdyr var det naudsynt med ny driftsbygning på garden. Den gamle driftsbygningen står til nedfalls, og var uansett ikkje eigna til husdyrhald etter dagens krav. Den gamle låven/fjoset har delvis rasa saman. Den gamle delen, som er eit lafta fjøs, vil me restaurere. Resten må rivast. Planane om bygningane på garden inngår i rammeløyve frå 2020 (saksnr 2020/3132) der det er beskrive kva som er tenkt, og kor.

1. Nytt fjøs/driftsbygning
2. Riving gamalt uthus, reise nytt
3. Halvtekke mellom stålhall og uthus/lager
4. Påbygg stålhall
5. Halvtekke vest for jorde nedom huset
6. Reising av 2 eldre lagra tømmer frå garden. 10-25 m²
7. Flytting av gamal stall
8. Reising av nytt stabbur
9. Halvtekke ved hegne Bugarden
10. Nytt støylishus Løyning
11. Naust Løyningosen/Løyning
12. Fôringsplass under tak. Frittstående.

Punkt 1 og 4 er gjort. Punkt 8 er restaurering av eldre stabbur, men nytt på garden. Stabburet er ferdig restaurert, og ventar på å bli oppsett på garden til sommaren. Punkt 2 vil innehalde restaurering av det gamle fjøset, og reising av nytt uthus på dei gamle steinmurane som står i dag (ikkje starta på). Resterande punkt er ikkje starta på endå, og mogleg nokon endringar kan førekoma.

Visjonar og von:

Som de skjønner har me mange planar for garden. Me har også tankar om tilrettelegging for gardsturisme og «inn på tunet» om mogleg.

Kjøtet me produserar sel me lokalt gjennom eiga facebookside. Der får me også ein del sal på egg. Dei to siste åra har me fått produsert ein del hamburger, og mykje av dette har Haukeliffjell skisenter kjøpt og har no på sin meny i skisenteret. Kundane verkar å setje stor pris på lokalt kjøt i burgerane, og «Vågslid-burgeren» har blitt veldig populær. Me vurderer også eit gardsutsal med kjøt og egg.

Me håpar at me har fått kasta litt ljøs over vårt motiv med garden og reguleringsplanane. På generelt grunnlag meiner me at altfor få av utbyggjarar/grunneigarar i kommunen skyt pengane direkte tilbake i eigedommen dei hentar verdiane frå! Då står den gjevande eigedomen att som tapar. Dette ynskjer ikkje me. Me har praktisert at «alle kroner inn frå garden går attende til garden», og vil fortsetje med det. På dette viset meiner me at ein kan styrke ressursgrunnlaget på garden, og at det vil auke sjansane for framleis busetnad og drift i framtida.

Det er ei von at denne måten å forvalte eigedomen på blir verdsett, og at kommunen framleis vil vera med på vårt prosjekt. For det er fyrst då det blir eit godt prosjekt, når det er eit felles-prosjekt, der alle dreg sama veg – slik det har vore til no.

Beste helsing

Kamilla og Nils Vågslid

5.2 Konsept


Med eit mål om å vidareutvikle Flåmyrane-feltet har avsett areal i kommunedelplanen med fortetting og utviding av feltet lagt grunnlaget for planforslaget. Føringar gitt i oppstartsmøtet med kommunen, og seinare i arbeidsmøte med planadministrasjonen, samt innkomne innspel, har vore med å forme planen slik den ligg føre.

Planforslaget er ei vidareutvikling av eit allereie utbygd område og fremjar innpass av tomter med tilhøyrande infrastruktur, her under tilkomstveg, straum og vatn- og avlaupsanlegg. Det planleggast for eit hyttefelt med god tilgjengelegheit, der trivsel og funksjonalitet i stor grad er vektlagt. Areal for rekreasjon og leik er sikra gjennom område regulert til friområde, og det er lagt til rette for god tilkomst tett på regulert trasé for ski/turveg. Grøne korridorar sikrar feltet god tilgjengelegheit, og er viktig for å ivareta stiar som allereie er i bruk, både sommar og vinter.

Konseptet for ny utbygging bygger på ei fortetting av eksisterande felt, med innpass av enkelthytter og teigar som opnar opp for å utparsellere tomter etter kvart. Det er lagt inn teigar med konsentrert utbygging, som bygger opp under fortetting med eit redusert fotavtrykk. Planen opnar også opp for eit område med *off-grid*-konsept. Dei eksisterande situasjonane som vegar, parkering og utskilde tomter er regulert som bygt. Ein har også vidareført areal avsett til fritidsbusetnad frå gjeldande plan. Nord for eksisterande felt, er det lagt til rette for ei utviding av feltet med enkelttomter.



Figur 15. Illustrasjon av planforslag etter utbygging, planområdet sett frå sør (Vestbris AS, 2024)



Figur 16. Illustrasjon av hovudtrekka i planen som omfattar fortetting og utviding. Planen legg opp til ein kombinasjon av konsentrerte teigar og frittliggande enkelttomter. Av det avsette i arealet på 160 daa i KDP, er 57,4 daa avsett til byggjeføremål (FBF, KV og AVG).



Figur 17. Raud stipla linje syner FI, slik det er avsett i KDP. Av dette utgjer bebygd areal (tomter og infrastruktur) om lag 40% og grønstruktur utgjer 60%.


5.2.1 Plassering og utforming

Det er tre utbyggingsformer i planområdet; frittliggende og konsentrert fritidsbusetnad, og fritids- og turistføremål. I del av planområdet som allerede er utbygd legg forslaget opp til enkelttomter, i kombinasjon med større teigar som kan utviklast under eitt. Del av feltet som er å rekne som utviding, i nordre del, består kun av enkelttomter. Hovudtanken er at tomtene er lokalisert med sikte på å kunne plassere bygningar slik at dei fell naturleg inn i landskapet. Gjennom føresegner er det sett krav til at bygningane skal vera av tre, og at fasaden skal vera i dempa jordtonar. Om det blir sett opp fleire bygg på tomta skal desse stå i harmoni til kvarandre. Bygningane skal ha saltak, og det skal tekkast med grønt gras, sedum eller liknande.

5.2.3 Off-grid

I FBF11 er det tenkt å etablere såkalla *off-grid* hytter. *Off-grid* eller *off-the-grid* tyder å vera avkopla frå straum, vatn- og avlaupsnett. Hyttene vert bygt på pilarar og kan flyttast eller fjernast utan å etterlata spor i terrenget. Hytter med minimalt fotavtrykk og nesten utan inngrep er eit uprøvd konsept i Vinje så vidt me er kjende med.

Teigen FBF11 er på om lag 8 daa og peikar seg ut som eit ypparleg område for å teste ut konseptet med små hytter utan tilkopling av vatn og avlaup. Området er kupert med eit par mindre vasspeglar og mykje berg i dagen. Det er såleis godt eigna for pilarhytter og klopper som gangvegar som følgjer terrenget. Området kan bli eit eksotisk tilskot til planområdet og komplettere planen med tilbod for fleire sosiale samfunnslag. Ein ser for seg at hytter i dette området kan vera sjølveigarhytter, men òg noko basert på utleige. Utleige gjev ikkje berre moglegheiter for reisande, men også for eksisterande hytter som treng å leige seg ekstra husvære ei helg. Det kan vera aktuelt med straum til hyttene med omsyn til brukarvennlegheit. Ein straumkabel kan leggjast utan synlege og store inngrep.



Figur 18. FBF11 er avsett til frittliggande fritidsbustad og opnar opp for å etablere off-grid hytter med lite fotavtrykk. Området eignar seg godt til konseptet.



Figur 19. Modell Veslenup Anneks frå Haukeli Hytter og Hus illustrerer godt byggestilen ein kan sjå føre seg i FBF11, med off-grid-konsept (Haukeli Hytter og Hus AS).




Figur 20. Klopper syner ei mogleg løysing på tilkomst til hyttene (Ny Sti AS).

5.2.4 Vatn og avlaup, sløkkjevatn og overvatn

Med fortetting og utviding av feltet er det naudsynt å oppgradere VA-anlegget. VA-plan gjer greie for planlagt løysing for VA-anlegget og er utarbeidd av Aquapartner Telemark AS (vedlegg 7). Det byggast i stor grad vidare på det eksisterande anlegget med ei oppgradering. Det dimensjonerast også for tilstrekkeleg med sløkkjevatn. Vassforsyninga kjem frå Tyrvelid Vassverk, og det føreligg eigen avtale med vassverkeigar. Området har god avrenning, og overvatn vert handtert naturleg og ført til terreng. VA-traseane kjem fram av omsynssone H190_3 i plankartet.

5.2.5 Nye interne vegar

Ny veg til utviding av feltet byggjer vidare på eksisterande hovudåre i eksisterande felt, Gamle Raudbergvegen, vidare på Skjerdalen og der etter Kroknos. Den regulerast med gode breidde på 6,0 m slik at to bilar kan møtast. Utifrå hovudvegen i nytt felt regulerast det inn 5 stikkvegar. Nye vegar er føreslått med fylgjande namn; Myrsnipa, Øvre og Nedre Flåmyrane, Nedre, Austre, og Øvre Kroknos. For hovudvegen vert det føreslått å vidareføre det eksisterande namnet Kroknos (vedlegg 10).



Figur 21. Forslag til namn på nye vegar.

5.2.6 Parkering

Eksisterande situasjonar vert vidareført i planforslaget. Det inneber mellom anna vidareføring av parkeringsareal, samt at nokon vert utvida og dimensjonert for fleire bilar. I tillegg regulerast det inn nye parkeringar på strategiske plassar. Parkering for tomtene skal løysast på eigen eigedom.

5.2.7 Renovasjon


Feltet skal nytte seg av det nyleg opparbeidde returpunktet for renovasjon ved Tyrvelid vassverk. Returpunktet vert drifta av Renovest, og dei har gjort ei vurdering av at det vil vera tilstrekkeleg kapasitet med auken som denne planen legg opp til. Det er i samråd med Renovest likevel sett av areal for å dekkje eventuelle framtidige behov internt i feltet.

5.2.8 Stiar og løyper


Det er regulert inn skiløypetrasé i kopling til turveg med vidare samankopling til Raudberg. Denne traseen bygger vidare på turvegen som blei til i etterkant av jordkabling av høgspenn. For å redusere stiging, og gjera tilhøva betre for løypemaskina er traseen lagt litt om dei seiste meterane ned i feltet. Slik vil ein også gjera tilgjengeleg tilkomst for austanforliggende tomter (FBF19). Det er elles ingen regulerte skiløypetrasear i planområdet, då det vurderast som lite hensiktsmessig med bakgrunn i fylgjande vurderingar. I eit eksisterande hyttefelt har brukarane av området over tid opparbeid eit

bruksmønster. Å regulere inn trasé for skiløype vil difor vera lite naudsynt når ein i planforslaget har sikra tilkomst og god tilgjengelegheit til eksisterande løypenett ved å regulere inn grøntkorridorar. Ein unngår også at løyper må krysse køyrevegar.


I kommunedelplanen for Vågslid ligg det inne ein sykkelstitrásé gjennom planområdet. Det er delvis etablert ei samanhengande sykkelløype frå Botn, og det er ynskeleg å sikre samband til sti som møter gamlevegen ved Prestegård. I 2021 vart traseen for høgspenst lagt i jord, og luftspennet er fjerna. Traseen som blei opparbeidd i samband med jordkabelen vil difor nyttast til å sikre sykkelstisambandet. Denne går delvis utanfor planområdet, men ein sikrar tilkomst til denne i planen.



Figur 22. Det er sikra gode samband til turløyper, og regulert trasé er tiltenkt sykkelsti sommarstid, og kopling til skiløype vinterstid.



Figur 23. Utsnitt frå plankartet med grønne areal. Grønstrukturen utgjør totalt 37% av totalarealet.



Figur 24. Utsnitt fra plankart syner regulert skiløypetrasé, med tilhørende parkering. Det er regulert inn grønne korridorar ut av feltet for å sikre god tilgjenge til skiløyper og omkringliggende rekreasjonsareal.


Ved å regulere inn grønne korridorar sikrar ein tilkomst til populære turområde. Internt i feltet vil nye vegar også lette tilgjenge i feltet. Det har vore eit mål å skape funksjonelle passasjar, tufta på dagens bruksmønster. Korridorane kjem fram av plankartet.




Figur 25. Grøntareal sikrar feltet nærrekrasjonsareal, samstundes at ein vidarefører natur- og landskapskvalitetar.

5.2.9 Terrengforming, teig FTU

I arealet som er avsett til fritids- og turistføremål er det sett ei planeringshøgde for å gjera arealet byggbart og betre utnytta. I samband med førre reguleringsprosess blei det lagt til rette for eit vasselement med eit mål om å skape eit rekreasjonsareal. Det har i åra etter 2003 ikkje blitt brukt til sitt tenkte føremål og er prega av attgroing. Området var opphaveleg, før kraftutbygginga på 70-talet, dominert av myr og vasspegjar. Når kraftutbygginga tok til, blei området nytta som tipp for tunnelmassane. I ny plan planleggast det å fylle opp arealet til ei planeringshøgde på 846 moh.



Figur 26. Delar av området blei, under kraftutbygginga, nytta som tipp for tunnelmassar (Historiske flyfoto).



Figur 27. I 2006 blei det opparbeidd ein vasspytt, med eit mål om å skape ein opphaldsstad (Historiske flyfoto)




Figur 28. I 2021 er området prega av lite bruk, og attgroing (Historiske flyfoto).

5.3 Planforslag

Detaljreguleringa syner arealdisponeringa med tilhøyrande føresegner. Planområdet omtalast som Flåmyrane III og er om lag 665 dekar. Planframlegget inneber etablering av høgstandard hyttefelt med tomtestorleik på om lag 1 daa. Planen inkluderer 132 eksisterande tomter. Reguleringsføremål og kor stor areal kvart formål dekkjer, er presentert i fylgjande tabell.

Tabell 3. Reguleringsføremål

§12-5. Nr. 1 Bygningar og anlegg	Areal (daa)
1121 Fritidsbusetnad - frittliggjande	295,6
1170 Fritids- og turistføremål	30,9
1420 Skiløypetrasé	1,9
1510 Energianlegg	0,3
1540 Vatn- og avlaupsanlegg	0,8
1550 Renovasjonsanlegg	0,7
1560 Øvrige kommunaltekniske anlegg	1,0
Sum areal:	331,2
§12-5. Nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
2011 Køyreveg	36,4
2019 Annan veggrunn - grøntareal	36,8
2080 Parkering	6,5
Sum areal:	79,7
§12-5. Nr. 3 Grønstruktur	
3002 Blågrønstruktur	0,8
3031 Turveg	3,8
3040 Friområde	10,1
Sum areal:	14,7
§12-5. Nr. 5 Landbruks-, natur- og friluftsføremål og reindrift	
5130 Friluftsføremål	207,7
5500 Særlege landskapsomsyn	24,1
Sum areal:	231,8
§12-5. Nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag	
6610 Naturområde i sjø og vassdrag	6,6
Sum areal:	6,6
Totalsum arealføremål:	664,7



5.3.1 Nye utbyggingsområde og fortetting

I tråd med overordna føringar legg planen opp til ei fortetting i eksisterande felt. Planen legg også til rette for tilleggsareal, som gjev moglegheit for å få betre plass for å til dømes setje opp eit anneks eller få betre parkeringsplass. På grunn av fleire ureglementerte arealbrukssituasjonar, dvs. bygningar utanfor tomtegrensa og liknande, vil tilleggsareal legge til rette for ei opprydding i eigedomsforholda. Totalt planleggast det for 117 enkelttomter og 7 teigar for frittliggande fritidsbustadar. Av enkelttomtene er 69 fortettingstomter innanfor eksisterande planområde (medrekna dei 17 tomtene som gjeldande plan opnar opp for), og 48 er nye tomter i del som omfattar utviding (i F1 jf. KDP). Gjeldande plan Flåmyrane/Skjerdalen, opnar opp for om lag 117 nye einingar (tab. 4) slik den føreligg i dag, om ein legg til grunn same utnyttingspotensiale som i nytt planforslag. For å kunne realisere tomter i gjeldande plan er det krav om utbyggingsplan, som i dag vert svara ut med ei detaljregulering. Samla sett opnar nytt planforslag for 149 nye einingar.

Tabell 4. Oversikt over tomter/einingar fordelt i gjeldande og ny plan, jf. føresegner.

Arealføremål	Bygd/ubygd	Eksisterande (planID 20030001)	Ny plan (planID 20220001)
FTU	Ubygd	100 einingar ¹	
FBF (enkelttomt)	Bygd	132 tomter	
	Ubygd	17 tomter ²	100 tomter ³
FBF (teig)	Ubygd		49 einingar ⁴
Totalt:		249	149
Samla tal einingar/tomter eksisterande + nye:		398	

¹ N1, krav om utbyggingsplan, vidareførast i ny plan som FTU

² I H2, H3, H4, H6, H7, krav om utbyggingsplan

³ Av desse er 52 fortettingstomter og 48 er nye.

⁴ I FBF3, FBF5, FBF8, FBF11, FBF21, FBF34 og FBF35

5.4 Gjennomgang av arealformåla

5.4.1 Bygningar og anlegg

Fritidsbustadar er regulert til *frittliggjande fritidsbusetnad* (FBF1-FBF33). Det planleggast for enkelthytter på romslege tomter kring 1 mål. I FBF3, 5, 8 og 21 er det høve til å føre opp bygg med fleire einingar. I FBF3, 5, 8 og 21 er det høve til å sette grenser etter kvart som teigen vert bygt ut. Den enkelte tomt byggjemeldast og tomt frådelast parallelt. Dette er for å oppnå fleksibilitet knytt til tomteinndeling og storleik, der tal einingar/BYA kjem fram av føresegner som maks-tal. Detaljar vert styrt gjennom situasjonsplan i byggemelding.

I FBF11 opnar planen opp for *off-grid* hytter. Samla utbygging per tomt skal ikkje overstige 25% BYA og den maksimale utnyttingsgraden er 160 m²-BYA.

Feltet som omfattar utvidinga, FBF26-33, ligg i eit meir eksponert landskap. I dette området er makismal utnyttingsgrad 150 m²-BYA. Det er også lagt inn føresegner som ikkje tillet arkar og oppstoger i dette området, med tanke på å dempe fjernverknaden.

- b) *Fritids- og turistføremål* merkast FTU i plankartet. Det opnast opp for høgare utnytting, og m²-BYA, mønehøgd og maksimal tal for einingar kjem fram av føresegner. Det opnast opp for å etablere parkering i underetasjen, samt at området er tett på parkering (P3) som vil tene som gjesteparkering. Området vil bli planlagt og utvikla heilskapleg.
- c) *Energianlegg* merkast EA i plankart. Straumforsyning er sikra via høgspennten som går i jord gjennom planområdet. Det er sett av areal til ny trafostasjon i nordre del av feltet.
- d) *Skiløype* merkast SKI i plankart og bygger vidare på trasé som blei opparbeidd i samband med jordkabling av høgspennten. Traseen har ei breidde på 10 m. Det er lagt til rette for god tilkomst i området.
- e) *Renovasjonsanlegg* merkast RA i plankart og er på om lag 1,5 daa.
- f) *Øvrige kommunaltekniske anlegg* merkast o_ØK i plankartet og tener føremålet for vatn, avløp og straum i tilknytning til kolonneoppstillingsplassen.

5.4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a) *Køyreveg* merkast *KV* i plankart og vert regulert med vegstandard tilsvarande vegklasse 3 i normal for landbruksveg (Landbruks- og matdepartementet, 2016).
- b) *Annan veggrunn – grøntareal* merkast *AVG* i plankart, og areala kan nyttast til fyllingar, skjeringar, grøfter, stabiliserande tiltak, snøopplag og teknisk infrastruktur. I bratte parti er det lagt inn god margin med anna veggrunn slik at ein kan etablere skjering og fylling. Det skal leggjast til rette for revegetering av fyllingar og skjeringar, med stadeigne massar. Det er tillate og etablere mindre pumpestasjonar/trykkaukingsanlegg innanfor arealet.
- c) *Parkering* merkast *P* i plankartet. Opparbeiding av nytt hyttefelt inneber etablering av veg til kvar enkelt hytte, med 2 parkeringsplassar per eining. Parkeringar i feltet er tiltenkt som gjesteparkering.

5.4.3 Grønstruktur

- a) *Blågrønstruktur*, merkast *BG* i plankart. Ved bruk av overvassverktøyet Scalgo Live er det gjort ei kartlegging av naturlege flaumvegar i tilknytning til vasspeglane som er regulert inn med NSV. Det er regulert inn blågrønt føremål for å sikre desse vassvegane og ivareta fordrying i feltet.
- b) *Turveg*, merkt *TV* i plankartet, vidarefører traseen som er etablert i samband med jordkabling av høgspennten.
- c) *Friområda* merkast *FRI* i plankartet, og er eit felles område der det er høve til å legge til rette for friluftsliv, rekreasjon og uteopphald. Det vil gjennom denne føreseigna vera høve til å etablere bål plass, gapahuk og liknande.

5.4.4 Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift

- a) *Friluftsføremål* er resterande areal som ikkje vert bygt ut, og utgjer den grøne strukturen i feltet. Føremålet er merkt *FL* i plankartet.
- b) *Særlege landskapsomsyn* er merkt *LO* i plankartet og skal ta vare på natur og landskap som vurderast som særlege for planområdet. Naturområda skal vera mest mogleg urørde, men det er tillete å gjennomføre lett skjøtsel for å hindre attgroing.

5.4.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag

- a) *Naturområde i sjø og vassdrag* merkast *NSV* i plankartet og tek vare på naturlege vasspeglar. Det er med omsyn til visuelle kvalitetar, og for den naturlege overvasshandteringa i området.

5.4.6 Omsynssoner

- a) *Faresone for ras- og skred* merkast *H310*
- b) *Faresone for flaum* merkast *H320*
- c) *Sikringssone kring trafo* merkast *H370* og er 5x5 meter. Traseen for høgspennten er lagt i jord, og merkast *H370*.
- d) *Luktsone* merkast *H190_1*, overføringstunnelen mellom Bordalsvatn og Førsvatn merkast *H190_2* og *VA-trasear* merkast *H190_3*.
- e) *Omsyn til landskap* skal ta vare på delane av området som er vurdert til å ha særpreg. Innanfor sona er det ikkje høve til å gjera tiltak som vil forringe lokalitetane. Det er ynskeleg å ta vare på berg og knausar. Omsynssona er merkt *H550* i plankartet.
- f) *Bevaring av naturmiljø* skal ta vare på delane av området som er vurdert til å ha særpreg. Innanfor sona er det ikkje høve til å gjera tiltak som vil forringe lokalitetane. Berg, knausar, monumentale furutre og vasspeglar utgjer ein mosaikk som gjev området gode kvalitetar. Omsynssona er merkt *H560* i plankartet. Tre som skal takast vare er merkt i kartet.

5.4.7 Føresegnssområde

- a) Det planleggast å fylle opp arealet inntil 846 moh. Det er merkt som føresegnssområde #1 i plankartet.
- b) For å sikre lokal massetransport opnar ein for fylling av masse i arealet merkt som føresegnssområde #2. Planlagt etterbruk er parkering (P23).
- c) Innanfor føresegnssområde #3 er det høve til å forme terrenget, her under terrassering.

6 Verknadar av planen

6.1 Naturmangfald

Etter naturmangfaldslovens §7 skal prinsippa i §§8-12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Vurderingane av planforslaget er basert på eksisterande informasjon om natur i området. Det er gjort fylgjande vurderingar (Konsekvensutgreiing, 2024):

Kunnskapsgrunnlaget (§8)

Informasjon om naturmangfald er henta frå tilgjengelege databasar, og tilstandsskildding frå naturkartlegging i 2022 (Miljødirektoratet). Det vurderast at kunnskapen om naturmangfald er tilstrekkeleg for planlagt utbygging og at kravet i NML §8 med det er oppfylt. Fylgjande basar er sjekka: Naturbase faktaark (Miljødirektoratet), Artskart (Artsdatabanken), NVE Atlas og berggrunnskart og lausmassekart frå NGU.

Føre-var-prinsippet (§9)

Om kunnskapsgrunnlaget er fagleg svakt eller andre moment gjer vurderinga usikker, skal ikkje mangel på kunnskap nyttast som grunngeving for å ikkje treffe forvaltningstiltak. Området som er ynskt utbygt er avsett til noverande og framtidig fritidsbusetnad i kommunedelplan Vågsliid. Etter planleggars vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og verknadane. Føre-var-prinsippet kjem av den grunn ikkje til nytte jf. §9.

Økosystemtilnærming og samla belastning (§10)

Formålet med §10 er å sikre at den enkelte lokalitet med verdi for biologisk mangfald blir vurdert ut frå ein større og meir heilskapleg samanheng, og å unngå nedbygging av natur «bit for bit». Planforslaget medfører beslag av areal i området med den registrerte naturtypen boreal av stor og middels verdi. Det er i tilstandsskilddinga frå Miljødirektoratet (2022) omtalt at boreal hei er avhengig av skjøtsel og beitebruk for å vera intakt, og i planområdet er denne naturtypen i ferd med å gro att. Naturtypen har også store førekomstar i kring planområdet, og er godt representert. Tiltaksområde ligg 2,5 km frå villreintrekket ved Prestegård. Austleg del av trekket er vurdert til å ikkje vera i bruk. Kanalisering av ferdsel er viktige tiltak. Planframlegget er vurdert til å vera i tråd med overordna planar.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§11)


Det ligg ikkje føre forslag til tiltak mot miljøforringing som vil medføre kostnad. Tiltakshavar er likevel pålagt å minimere eventuelle verknadar av tiltaket for det lokale biologiske mangfaldet. Det bør vera fokus på å unngå spreiding av framande artar (funn av hagelupin) og å unngå forsøpling. Tiltak mot støy og støvforureining må sikrast i anleggsfasen.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode (§12)

Prinsippet er å unngå eller avgrense skade på naturmangfald ved val av teknikkar og driftsmetodar. Det er føreslått fleire tiltak for å avgrense skadane på naturmangfald. Deriblant er tiltak som å ta vare på monumentale furutre, la daudt trevirke ligge, òg ved hogst. Vegetasjonsrydding er føreslege som tiltak for å halde naturtypen boreal hei i hevd. Geotekstil vil vera eit viktig tiltak for å hindre drenering av myrdrag som kan bli påverka vegar og anna infrastruktur.

6.1.1 Tilhøve til villrein og Regionalplan for Hardangervidda

Regionalplan for Hardangervidda skal sikre villreinen sitt leveområde, og avklarar arealbruken i randsona til nasjonalt villreinområde, som i dette tilfelle omfattar utbyggingssona. Planområdet ligg søraust for eit trekkområde i den regionale planen. Denne vurderast til å ha liten verdi som trekkorridor i dag. I samband med naturmiljøvurdering av området som omfattar kolonneoppstillingsplass er det gjort ei vurdering av den austlegaste delen av trekkområdet nedanfor skoggrensa på vestsida av Løyningvatn. Dei har skildra trekkområdet slik: «Det vurderes slik at den østligste delen av trekkområdet nedanfor skoggrensa på vestsiden av Løyningvatn ikke lenger er i bruk av villreinen. Det kan likevel ikke utelukkes at reinen bruker området noe i fremtiden, gitt egnede snøforhold og/eller større populasjon og høyere beitepress mot disse områdene. Vi vurderer med basis i dette at den østligste del av trekkområdet har noe verdi» (Statens vegvesen, 2017).



Figur 30. Planområdet ligg i utbyggingssona i Regional plan for Hardangervidda.

I og med at arealbruken er avklart gjennom kommunedelplanen og regional plan for Hardangervidda, er konsekvensane for villreinen knytt til ferdselen som ei utbygging vil kunne generere. Mykje av ferdselen skjer på merka stiar og løyper. Kanalisering av ferdsel i utmark er sikra gjennom sti- og løypeplanen som legg til rette for ferdsel som bidreg til å minimere konflikten med villreinen. Med eit nettverk av løyper kring planområdet, der ein i planen legg til rette for tilkomst gjennom grønne korridorar, er det viktige tiltak for å bygge opp under målet med sti- og løypeplanen.

Ein viser til Nina rapport 1903 (Gundersen et al, 2021) der ferdselsmønsteret på Hardangervidda er kartlagt, og ei rekkje tiltak er tilrådd. Rapporten tilrår sonering som forvaltningsverktøy. Soneringa er ein tredelt forvatningsstrategi som bygger på tre ulike soner; soner for langtur utanfor merka sti, soner for langtur på merka sti og dagstursoner.

Vi foreslår sonering som et aktivt forvaltningsverktøy for å regulere bruken på Hardangervidda, der randområdene skal ha en annen forvaltning enn kjerneområdene for villrein (Riungu m.fl. 2018). Våre funn viser at det er mulig å videreutvikle friluftsliv og turisme på Hardangervidda til randområdene, i første rekke for å håndtere besøkende som er på kort spasertur og dagstur. Dette er ofte turister som er der for første gang, som ofte er fra utlandet, som ofte søker

«komfort», og som av andre årsaker har enten liten rekkevidde eller en forutsigbar ferdsel langs infrastruktur. En slik strategi av aktiv tilrettelegging vil holde de aller fleste besøkende til området unna de mest sensitive områdene for villrein. Informasjonsstrategier blir dermed spesielt viktig for å vise de besøkende «riktige» turmuligheter og attraksjoner i dagstursonen, ikke bare en kanalisering til de største attraksjonene, men også for de som har sterke preferanser for lavere grad av tilrettelegging og å møte færre folk på tur. (Gundersen et al, 2021, s. 75)

Planområdet Flåmyrane III er i randsona og kjem inn under dagstursone jf. soneringa i rapporten. Rapporten føreslår ingen tiltak i denne sona utover å betre legge til rette for kanalisering og auke kunnskap/informasjon om villrein og ferdsel.

I sonen for dagsturer kan utvikling av ny infrastruktur og attraksjoner trekke til seg besøkende, samtidig som man avlaster viktige kjerneområder for villreinen. Dette er mange steder allerede «tapt land» for villreinen og det vil kreve enorme ressurser for å restaurer landskapet. I dagstursonen vil det være viktig å utvikle gode informasjon- og besøksstrategier for å styre bruken til de minst sårbare områdene. (Gundersen et al, 2021, s. 75)

Vi har sett at ferdselen de fleste steder er sterkt kanalisert, og det viktigste tiltaket mange steder er å styrke denne kanaliseringen med enda tydeligere tilrettelegging og utvikling av attraksjoner, korte spaserturer og rundturer i de minst sårbare områdene for villreinen. (Gundersen et al, 2021, s. 82)

Vidare står det at

Hvis målet om en bærekraftig forvaltning av villreinen skal kunne nås, må forvaltningen rettes inn mot å endre ferdselsmønsteret på Hardangervidda. (Gundersen et al, 2021, s. 75)

Rapporten slår fast at det er ferdselen som bør regulerast, og at det er ferdsel i kjerneområda på sommarstid som er den største stressfaktoren for villreinen. Ein destinasjon som Vågsliid er i hovudsak å rekne som vinterdestinasjon, men ein kan likevel rekne med noko auka ferdsel på sommaren som fylgje av ei utbygging, men kanskje ikkje så mykje til kjerneområdet. Den typiske hytteeigaren går helst dagsturar i merka stiar og skiløyper i nærområdet, og er ikkje den typiske DNT-turisten som ferdist frå hytte til hytte innover vidda. På vinterstid er det dei oppkjørde skiløypene i randsona som fører til det rapporten omtalar som *arealunnavikelse*. *Arealunnavikelse* betyr at villreinen unngår desse områda, og trekkjer seg innover mot kjerneområda. Likevel er skiløypene i randsona den beste forma for kanalisering, og slik sett i tråd med dei tilrådde tiltaka i rapporten. **Ein må i samråd med kommunen vurdere kor desse løypene er til minst sjananse for villreinen, og vurdere omlegging/fjerning om naudsynt.**

Av føreslegne tiltak på denne kanten av vidda er DNT's løype frå Haukeliseter mot Hellevatn den som er tilrådd lagt om, samt at ein unngår skiløyper som går innover i fjellet.

Unngå at de oppkjørte løypene går lenger inn i fjellet, eventuelt flytte noen av de oppkjørte løypene mer bygdenært: Haugastøl, Ustaoset, Skurdalen og Småroi-Skirvedalen, Vågsliid-Haukeliseter. Vinterløypa Litlos-Haukeliseter bør gå om Litlos-Middalsbu-Haukeliseter. (Gundersen et al, 2021, s. 78)

Løyper innover i fjellet er det lite av i Vågsliid, men «Haukelirennløypa» går parallelt med E134 eit stykke frå Haukelifjell skisenter til Haukeliseter. Denne vert preparert om lag 3-4 veker i forkant av rennet og fram til renndagen, normalt medio april. Delar av denne løypa vert også bruka elles gjennom vintersesongen (Prestegårdsrunden og Smørvikrunden). Det nemnast i rapporten at denne løypa forsterkar barriereeffekten av E134, og såleis har negativ verknad for trekking mellom Hardangervidda og Setesdal Austhei. Størst barriereeffekt har likevel E134 (sommar- og vinterstid), og det regulerte Kjela-vassdraget og kraftmagasina (sommarstid). For augneblikket og situasjonen med CWD, så er det

ikkje ønskeleg med utveksling av villrein over E134, og myndigheitene har sett inn ei rekkje tiltak for å hindre at reinen kryssar. Slik sett kan denne løypa vere til hjelp akkurat i eit slikt tilfelle. Ein må likevel leggje til grunn at denne situasjonen er førebels, og at normaltilstanden kan koma attende.

Vågslid-Haukeliseter har oppkjørte løyper i høyyfjellet parallelt og nord for E134, og forsterker barriereeffekten av vegen. (Gundersen et al, 2021, s. 78)

Mykje av denne løypa går over eigedommen 99/1 som høyrer til forslagsstillar for Flåmyrane III. Forslagsstillar er positiv til å vurdere tiltak som betrar tilhøva til villreinen, og imøtekjem gjerne innspel frå forvaltninga om høgfjellsløypene i Vågslid. Omsynet til villreinen er vurdert til å vera ivareteke i nytt planforslag.

6.2 Landskap

Dei eksisterande fritidsbustadane er godt tilpassa terrenget, noko nye etableringar også vil spela vidare på. Gjennom føresegner vert det sett krav til utforming. Planforslaget påverkar landskapet ved at det blir meir bygde flater, og mindre naturområde lokalt i feltet. Nytt felt vil vera synleg frå E-134 frå søraust og nordvest. Det regulerast inn fleire grøntområde, i tillegg vil grønstruktur på kvar tomt bidra til å dempe fjernverknaden. Føresegner sikrar at taktekking er torv eller sedum og fasadar i mørke jordfargar, noko som òg bidreg positivt. Feltet vil vera ein naturleg forlenging av det eksisterande, og utgjer ein del av hovudkonsentrasjonen av hytter i Vågslid.



Figur 31. Illustrasjon av ei utbygging av Flåmyrane III (Vestbris AS).

6.3 Rekreasjon og friluftsliv

Planforslaget vil redusere areal som tidlegare har vore nytta til rekreasjon og friluftsliv internt i feltet. Det er i nytt planforslag lagt fokus på å ivareta areal som er sett på som verdifulle både i høve til estetikk og bruk, og har fått arealformåla særlege landskapsomsyn, friluftsføremål og friområde. Ny utbygging vil sikre god tilkomst til skiløyper, og det sikrast samband til sykkelstiraseen. Det er regulert inn friområde der det høve til å leggje til rette for uteopphald, her under gapahuk og felles samlingsstad.

6.4 Barn og unge

Det er ikkje særskilt lagt til rette for barn og unge i planforslaget, anna enn at naturtilhøva legg grunnlag for rekreasjon og leik. Det er også sikra god tilkomst til løypenettet, slik at det vil vera lettare å koma seg til mellom anna skisenteret. Slik vurderer ein at planforslaget vil gjera hyttefeltet til ein betre stad for barn og unge å vera i. Sjå elles kap. 6.3 Rekreasjon og friluftsliv.

6.5 Trafikk

Slik planforslaget ligg føre, vil det medføre auka trafikk i det eksisterande feltet sidan tilkomstvegen vert vidareført til nytt felt. Hovudtilkomsten til nytt felt går via Skjerdalen og Kroknos, og særleg sistnemnte som i dag er endeveg, vil få eit endra trafikkbilete. Det er regulert inn god breidde på hovudvegen, slik at det vil vera mogleg å møte to bilar. Det vurderast at vegen vil tole den aukande trafikkmengda. Det er ingen hytter som ligg innanfor støysonene (NVDB).

6.6 Vatn, avlaup og overvatn

Planforslaget legg opp til ei oppgradering av VA-anlegg, og det er utarbeidd VA-plan for Flåmyrane III. Ei utviding av feltet vil medføre meir harde flater, og av den grunn ei raskare avrenning. På grunn av topografi er det lite truleg at handtering av overvatn vil bli eit problem i sjølve planområdet, då hyttefeltet er lokalisert på eit høgdedrag. Opne resipientar bidreg til å dryge vatn, og det planleggast for naturleg overvasshandtering (VA-plan, vedlegg 7). Den tekniske infrastrukturen er grovprosjektert og alle einingar (med unntak av FBF11) vert pålagt å kople seg til Tyrvelid vassverk, og kloakk vert ført til kommunalt avlaupsnett.

6.7 Klimagassrekneskap og arealbruksendringar

Tiltaket vil medføre arealbruksendringar som fører til at arealtypane skog, open fastmark og ferskvatn blir omgjort til bebygde område. I den samanheng vert Miljødirektoratet sitt Klimarekneskap for arealbruksendringar (vedlegg 8) nytta til å framstille kor mange dekar som vert omgjort som fylgje av tiltaket, og kva det vil medføre av klimagassutslepp.

Før utbygging er det totalt 67,5 daa skog innanfor planområdet. Planforslaget fører til at 3,4 daa skog blir omgjort til bygde område. Bygde område vil seie regulert areal til tomter og vegar, og utan omsyn til utnyttingsgrad. Det faktisk bygde arealet vil i praksis vera vesentleg mindre. Innanfor det 665 daa store planområdet er det om lag 0,8 daa med arealtypen vatn, mindre vasspegjar, som vil bli påverka av utbygginga. Samstundes vert fleire, og større vasspegjar teke vare på gjennom arealføremålet *naturområde i sjø og vassdrag/friluftsføremål*, i alt 7,3 daa, samt omsynssona *bevaring naturmiljø*. Miljødirektoratet sitt verktøy for klimagassrekneskap har ikkje utsleppsfaktorar for alle kombinasjonar av overgangar, og effekten for overgangen frå open fastmark til bygd område kan difor ikkje bereknast. Det er likevel sett på storleiken for å få eit bilete på kor mykje av arealet open fastmark som vert regulert til byggeføremål. Ved å sjå på areal som er klassifisert som samferdsel og bygd areal, kjem det fram av plankart og AR5 at 218 daa open fastmark vil bli omgjort til byggbart område. Rekneskapet tek ikkje omsyn til at det er krav om grønne tak/sedum på tak. I føresegner er lagt inn krav om grønne tak, noko som vil ha positiv verknad på rekneskapet.

Tabell 5. Inngangsdata for berekning, jf. skjema for arealbruksendringar (Miljødirektoratet)

1. Vel kommune	Vinje (4036)		
Før arealbruksendringa			
2. Vel tal arealbrukskategoriar	2		
3. Vel arealbrukskategori før endring	Arealtype	Storleik (daa)	Storleik (ha)
	Skog (lauvskog, låg bonitet)	3,4	0,3
	Vatn og myr	0,8	0,08
4. Vel jordart	Organisk jord		
Etter arealbruksendringa			
5. Vel arealbrukskategori etter endring	Utbygd areal		

Tabell 6. Klimagassrekneskap. Utslepp eller opptak frå areala over 20 år, om bruken ikkje hadde blitt omgjort (Miljødirektoratet).

Klimagassrekneskap (Negative tal tyder opptak av klimagassar, positive tal tyder utslepp)					
Frå	Til	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagassar i alt
Skog	Skog	7,6	6,3	3,2	17,1 tonn CO ₂ -ekvivalentar
Vatn og myr	Vatn og myr	-0,5	0,0	0,0	-0,5 tonn CO ₂ -ekvivalentar
Sum		7,1	6,3	3,2	16,6 tonn CO₂-ekvivalentar

Tabell 5. Utslepp eller opptak frå areala over 20 år frå arealbruksendringa.

Frå	Til	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagassar i alt
Skog	Utbygd areal	199,8	0,0	0,0	199,8 tonn CO ₂ -ekvivalentar
Vatn og myr	Utbygd areal	46,3	0,0	0,0	46,3 tonn CO ₂ -ekvivalentar
Sum		246,2	0,0	0,0	246,2 tonn CO₂-ekvivalentar

Tabell 6. Nettoeffekt av arealbruksendringa over 20 år.

	CO ₂	CH ₄	N ₂ O	Klimagassar i alt
Utslepp/opptak frå areala utan å endre arealbruk	7,1	6,3	3,2	16,6 tonn CO ₂ -ekvivalentar
Utslepp/opptak om endringane gjennomførast	246,2	0,0	0,0	246,2 tonn CO ₂ -ekvivalentar
Arealbruksendringas klimaeffekt	239,1	-5,9	-3,0	229,6 tonn CO₂-ekvivalentar

Gjennomføring av planen vil medføre eit utslepp på 229,6 tonn CO₂-ekvivalenter som er knytt til arealbeslag over ein periode på 20 år. Om tiltaket ikkje vert realisert, dvs. unnateke gjeldande plan, vil det medføre eit opptak av 16,6 tonn CO₂-ekvivalenter over same tid.

6.8 Flaum og skred

Som omtalt i kap. 4.13 *Flaum* er ein liten del av planområdet råka av aktsemdskartet for flaum (NVE). Det er ikkje planlagt tiltak som vil koma i konflikt med potensielle flaumutsette område. Planområdet som fyrst blei varsla, og er markert som kartleggingsområde jf. rapport frå Skred AS, er friskmeldt for tiltak i sikkerheitsklasse 1 og 2. Planområdet er i etterkant utvida, og arealet nord for feltet regulerast til friluftsføremål og turveg. Det planleggast ikkje for utbygging i del av området som er råka av potensiell skredfare.

6.9 Grønstruktur

Arealet som utgjør nytt felt har tidlegare vore nytta av lokale hytteigarar. Under synfaring blei det observert bruk av området som tilseier eit rekreasjonsareal. Høgdedraget er òg eit utsiktspunkt, noko som er teke omsyn til i nytt planforslag og merkt FRI i plankartet. Grønstruktur er sett i samanheng med kap. 5.2.8 *Stiar og løyper*.

6.10 Landbruksinteresser

Kartleggingsnotat frå 2022 syner at planområdet har eit lågt beitetrykk. Områda kring planområdet er potensielle beiteområde for sau, då det er fleire beitelag som slepper sau i området. Det har ikkje vore problem knytt til beitedyr tidlegare, og det vurderast at planforslaget ikkje vil føre til auka problem. Ein ser det ikkje som hensiktsmessig å gjera tiltak i form av sperregjerde, då ei eventuell inngjerding i overkant av feltet ikkje kan hindre dyr i å koma inn i området frå andre kantar. Om området kring Tyrvelid skulle hatt sperregjerde, ville det medført eit om lag 4 km langt gjerde. Flåmyrane-feltet utgjør omtrent 400 m, som støyter til eit område som i dag ikkje er i bruk som beiteområde. Effekten vurderast å vera svært liten. Med i vurderinga har ein også at det krevjande å vedlikehalde på grunn av snømengder, og at det vil medføre ulemper for både vilt og dyr. I tillegg er det eit skjemmande element i naturen. Planforslaget er vurdert til å ikkje koma i konflikt med landbruksinteresser i området.

6.11 Gjennomføring av planforslag

Utbygging av feltet vil føre til auka trafikk internt i feltet. Trafikksikring og tiltak under anleggsperioden vil bli ivareteke gjennom SHA-plan, jf. Byggeherreforskrifta, som vil bli utarbeidd i samband med prosjektering.

7 ROS-analyse

7.1 Oppsummering av ROS-analyse

Risiko- og sårbarheitsanalyse er utarbeidd av Aquapartner Telemark AS og er vedlagt planen (vedlegg 5). Gjennom risiko- og sårbarheitsanalyse kjem det fram fem hendingar, der det er tilrådd med risikoreduserande tiltak. Det rådst til å setje krav i plankart og føresegner for å redusere eventuelle konsekvensar. Hendingane som er avdekt i analysa tilseier ikkje at tiltaket ikkje kan gjennomførast og ein vurderer området som eigna til utbygging.

Risikoreduserande tiltak for hendingane som kjem fram av ROS er å:

- sikre opne resipientar og trygge flaumvegar i høve til ekstremnedbør og overvatn
- dimensjonere for tilstrekkeleg med sløkkjevatn
- gjera støvreduserande tiltak som salting

Tabell 7. Oppsummering av hendingar som kjem fram av ROS.

Nr.	Namn på hending	Risiko etter risikoreduserande tiltak
1	Overvatn	
2	Ekstremnedbør	
3	Brann i hyttefelt	
4	Høg radonverdi	
5	Støv og støy	

Akseptabel risiko	Vurdere tiltak	Krev tiltak
-------------------	----------------	-------------

8 Oppsummering

Detaljreguleringa for Flåmyrane III er eit stort bidrag til den lokale verdiskapinga. Forslagsstillar har teke initiativ til å utarbeide ein reguleringsplan for å styrkje verdigrunnlaget på garden. Grunneigaren driv aktivt landbruk i fjellbygda Vågslid og har beitedyr som er viktige landskapspleiarar, som opnar opp og gjev liv til kulturlandskapet. Også for det lokale arbeidslivet er utbygging, i eit regulert felt, eit viktig grunnlag for å kunne halde fram med verksemdene, og for halde på og for å skape arbeidsplassar. Lokale arbeidsplassar kan vera avgjerande for den faste busetjinga, som ein sårt treng i utkantane.

Planforslaget vil vera positivt for utvikling av Vågslid, som er eit av satsingsområda for fritidsbustader i Vinje kommune. Bruken av fritidsbustaden vil bidra til legge eit grunnlag for arbeidsplassar og lokal vekst og verdiskaping. Ved å vidareføre og spele vidare på kvalitetane som er i området vil ein kunne legge til rette for eit attraktiv felt i området. Ei opprydding i tomtestruktur og skape samanheng mellom eksisterande og nytt felt er òg ein viktig del av planprosessen. Tomtene vil få gode solforhold, god utsikt og nærleik til natur- og rekreasjonsareal. Sti- og løypeplanen vil bidra til å kanalisere ferdselen. Målet er å legge til rette for eit harmonisk felt der utforming av hytter er i tråd med kommunedelplanen. God utforming, samt tilpassing til terreng og landskap er sikra gjennom føresegner.

9 Referansar

- Kommunekart (u.å). <https://kommunekart.com/>
- NVE Atlas (u.å). <http://atlas.nve.no/SilverlightViewer/?Viewer=NVEAtlas>
- Norges geologiske undersøkelse (u.å). <http://www.ngu.no/no/hm/Kart-og-data/>
- Norges geologiske undersøkelse. *Radon*. (u.å). https://geo.ngu.no/kart/radon_mobil/
- Miljødirektoratet. *Naturbase*. (u.å) <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>
- Artsdatabanken (u.å) <http://artsdatabanken.no/>
- Forskrift om konsekvensutredninger (2017). *Forskrift om konsekvensutredninger* (FOR-2017-06-21-854). Lovdata. <https://lovdata.no/forskrift/2017-06-21-854>
- Miljødirektoratet (2022). Raudbergbakken 2 (Faktaark). <https://faktaark.naturbase.no/?id=VKU-NINFP2210090789>
- Miljødirektoratet (2022). Raudbergbakken 3 (Faktaark). <https://faktaark.naturbase.no/?id=VKU-NINFP2210090771>
- Norsk klimaservicesenter. *Klimaprofil Telemark* (2022). <https://klimaservicesenter.no/kss/klimaprofiler/telemark>
- Miljødirektoratet. (u.å.). *Konsekvensutredning av klima og miljø* (Veileder M-1941). <https://www.miljodirektoratet.no/konsekvensutredninger>
- Gundersen, V., van Moorter, B. Panzacchi, M., Rauset, G.R. & Strand, O. (2021). *Villreinferdselsanalyser på Hardangervidda - Anbefalinger og tiltak*. (NINA Rapport 1903). Norsk institutt for naturforskning.
- Statens vegvesen (2017). *E134 Kolonneoppstilling Vågslid Naturmiljøvurderinger*.

10 Vedlegg

Vedlegg 1 Referat frå oppstartsmøte

Vedlegg 2 Varslingsbrev og tilleggskunngjering

Vedlegg 3 Innkomne innspel til varsel om oppstart

Vedlegg 4 Skredfarevurdering for Flåmyrane III (2023), Skred AS

Vedlegg 5 Risiko- og sårbarheitsanalyse (04.09.24)

Vedlegg 6 C-teikning (2024), Aquapartner Telemark AS

Vedlegg 7 VAO-plan for Flåmyrane III (2024), Aquapartner Telemark AS

Vedlegg 8 Klimagassrekneskap (2024)

Vedlegg 9 Visualisering (2024), Vestbris AS

Vedlegg 10 Forslag til vegnamn

Vedlegg 11 Innspel etter allmøte

Vedlegg 12 Førebels plankart til allmøte

Vedlegg 13 Fylgjeskriv

Vedlegg 14 Innkomne innspel til tilleggskunngjering

Vedlegg 15 Konsekvensutgreiing (2024), Aquapartner Telemark AS